

Bü.

Geir



" DERSOM EN ETTER Å HA FÅTT EN RIKTIG TEORI INNSKRENKER SEG TIL TOMT SNAKK OM SELVE TEORIEN, LEGGER DEN PÅ IS OG IKKE OMSETTER DEN I PRAKSIS, DA ER DENNE TEORIEN AV INGEN BETYDNING OM DEN ER ALDRI SÅ GOD"

MAO TSE-TUNG, "Om praksis" (1937)

"Selv om vi oppnår en kolossal fremgang i arbeidet vårt, gir dette ingen som helst grunn til at vi skal bli innbilske og hovmodige. Beskjedenhet hjelper en fram, mens innbilskheter fører til at en sakter akterut. Dette er en sannhet vi alltid må ha i tankene"

MAO TSE-TUNG, "Åpningstale på 8. nasj. kongress i KKP" (1956)





## SISTE DEL AV ÅRSBEREDELINGA FOR FØRDE:

OS SI LEIING -----TILHJVE TIL AVDELINGANE.

Motløysa og passiviteten hos ein god del partimedlemar skuldast først og fremst mangel på leiing, at OS har slutta å fungere.

OS sine feil er byråkratiske feil, t.d: Eit vedtak om å kaste heile rørsla ut i ein kamp for ein stad å vere. Dette vart gjort utan å halde medlemsmøte på det eller undersøkje mellom ungdommen om dette var det viktigaste

Vidare: Ikkje ta imot og svare skikkeler på spørsmål. Ingen stil med samtalar og konferansar av ulik type med lagsstyra med folk som har problem med oppgåvene. Døme på dette er SSK og KF, og ikkje minst lagsstyra.

Dei byråkratiske feila i OS er blitt utvikla ved at kamertane der har fått for stor tru på eigne vurderingar og ikkje forstått at ein må rådføre seg med andre heile tida. Desse feila må bekjempast ved at ein heile tida sjølv leiår eit arbeid, ved at ein sjølv tek del i arbeidet og er open for nye idear.

OS må drive ideologisk kamp, og stadig vere på vakt overfor svake punkt i ideologien.

OS må også studere og lære metodar for leiing, spesielt: til og frå massane, almen og særege rettledning.

Tilslutt må det slåast fast at heile rørsle på staden er prega av same feila som OS, men at feila vil få kraftigast konsekvensar i leiinga. Det finns og dome på at OS har teke bra initiativ og har gjort bra arbeid. Sommarleir er eit slikt døme. OS har tillempa lokalt dei nye linjene for taktikk i partiet, og teke bra initiativ for samarbeid med sam.org i Lail; og for å stemme på ein sos.dem som formann i J og L på årsmøte.

Etter fleire resultatlause initiativ vart internavisa oppretta, dette var eit slag mot byråkratiet og for demokrati.



# LEIAR:

## FRAMSTEGET FAST KVAR MÅNAD !!!

For at Framsteget skal bli ei reell medlemsavis, har DS vedteke at ho skal koma ut kvar månad. Planen er å få avisa ut den 1. i kvar mnd., med deadline ei veke før. (Kanskje dette er for seint for redaksjonen, men det får vi koma tilbake til.)

Neste nr. kjem ut 1. desember med deadline 24. nov. Nr. 1 -79 kjem ut ca. 8. jan. med deadline 22. des.

Arbeidet med avisa er enda ikkje kome i skikkeleg gjenge og har ikkje fast redaksjon. Men dette skal vi retta opp. Det viktigaste no - bortsett frå det at folk må melda seg som medarbeidarar til avisstaben - er at avisa blir brukt. Har du kommentarar til årsplanen? Meiner du det er for lite kontakt og kampeinskap i rørsla (at vi lever i "3 verder" - partiet, RU og Kvinnefronten, som det er sagt.)? Har du gode dikt, høvande sitat eller teikningar til framsida? OK! Skriv inn! Skriv inn!

Gjer Framsteget til ein open veg mellom DS og avdelingane! Gjer Framsteget til medlemne si avis!



## PARTIET MÅ TA STILLING!

For tida er situasjonen den at partiet på plassen ikkje gjev lyd frå seg nærast for det blir "tråkka på tærene."

Kva meiner partiet om dei mange lokale sakene som er oppe: Situasjonen på Norøst, planane for Sentralsjukehuset osv. osv.? Vi bryr oss for lite om konkrete analyser av slike saker.

Her er SV meir framskridne enn oss! Dei kjem i alle fall med utsegner ilokalavisa både tidt og ofte, og i ein del høve greier dei å "treffa det rette." Det vil sei at folk sluttar opp om standpunktet, eller at det i alle fall skapar diskusjonar. Dette må vi læra av!

DS har difor vedteke å gje ein kamerat oppgåva som presseansvarleg. Han skal vera ansvarleg for å svara på angrep og han skal ha ansvaret for at partiet sitt syn i ulike saker vert kjent.

Men denne kameraten treng råd og idear på kva for saker som bør "blinkast ut." Ver difor offensiv med å "tipsa." Bruk talsmannen til DS gjennom styret eller den offentlege talsmannen for partiet.

## "MYKJE SKRIK OG LITE ULL"??

Det nye DS er så vidt kome i seget, og ein del viktige dokument, ma. årsplanen er kome ut til medlemne.

Men kor blir det av resultatata i den praktiske klassekampen på staden? Spørsmålet har vore stilt, og vi skal svaramed å leggja fram dei umiddelbare planane for arbeidet.

DS vil i komande månad konsentrera seg om tre ting:

1) Eit ope møte om krisa som eit eksternt startskot for hovudoppgåva. Innhaldet er ikkje avgjort konkret enda, men eit lag vil få hovudansvaret. Idear om eit større "sjøslag" med t.d. Leif Steen, Pål Steigan + evt. ein

SV-topp har vore lufta. Det må undersøkast om dette er realistisk, men møte blir det.

2) Den faglege leiinga på den største arbeidsplassen må koma i system. Er det t.d. brukbart å oppretta ei fraksjonsleiing som er sammansett av både parti- og RU-folk? Medlemne på denne arbeidsplassen må i alle høve ta sikte på å avklara spørsmålet med det første.

3) KK-staben må bli oppretta og starta jobbinga i komande månad. Kom med forslag på kva denne staben kan starta å skriva om. Kommunistane i Harstad er berre vanlege folk dei og, så kvifor skulle ikkje vi ta sikte på å koma like langt?



I. mai arbeidet her kom tregt i gong, linjer og planar dukka opp i siste liten. Mykje tid vart tapt, og det gjekk utover det viktigaste: Personleg mobilisering. RUare sendte spørsmål om korleis og kortid I. maiarbeidet skulle vere i år (sendt eit par veker før påske) Kritikkk på andre områder er og sendt, FELLEES for kritikken er at den aldri vart svart på! Entusiasmen for I. maiarb. i år var minimal. Partiet si leiande rolle i dette arbeidet såg folk svært lite til. Linjer og planar dukka som sagt opp i siste liten, og vi gjorde vel mesteparten av dei feila som vi so mang ein gong har gjort før!!!!

DET VAR VEL DA LOGISK og spørre leiande partifolk om kva som skjedde, kvifor og OM DET SKULLE VERA EIT skikkeleg oppsummeringsmøte på I. maiarbeidet, - so vi slapp gjera dei same feila igjen til neste år!!! Men; partifolka meinte at det var ikkje behov for noko SPESIELT oppsummeringsmøte, det gjekk no bra! Vi var ikkje einige, Toget var ikkje stort nok, breitt nok, entusiasmen på null osv.... Dette er det ikkje berre vi som meiner, men er ei ganske almen oppfatning av årets I. mai-arbeid. LIKEVEL er det ikkje nødvendig med eit skikkeleg oppsum.møte. Vi ville so vite kva rolle partiet har spelt i arbeidet? Det vart stille, so kom det noko om sikkerheitsmessige grunnar til ikkje å seie noko, pluss ro ro til fiskeskjær....

Lenger ville ikkje diskusjonen ha kome om vi ikkje hadde vorte steikande forbanna og sjokkerte over denne enorme viljen til å høyre på kritikkk og kva det betyr å oppsummere kampar. Partifolka reagerte ikkj FØRvi hadde vorte heller usakelege og fekk provosert dei til å fortsette oppsummeringa! Klart partiet hadde spela ein leiande og viktig rolle, og no måtte vi slutte å vere og vere so usaklege og sure!!! JA, kva har so partiet gjort???? TAUST! Då partifolka ikkje var interessert i denne diskusjonen, påviste vi at partiet hadde jobba dårleg!

DØME: Plutseleg står namnet ditt i avisa, lag 2 kvinnegruppe PUNKTUM

Korleis, kva skal vi gjere?????? Ubesvarte spørsmål. Finn det ut sjølv. Enkelte personar i komiteen sleit seg omtrent ut. Vi meinta at partiet burde bruke oppsummeringa frå i fjor, - til dette vart det sagt: Eg kan ikkje hugse noko oppsummering, og "det hadde ikkje vorte betre for det" Dette er jo avvik frå masselinja!!!!!!!!!!!!!!

Masselinja, ja- Vi spurde: Kvifor har vi I. maigrupper??? Kva skal vi med dei? Sjøkket var overveldande då partifolka sa: "Eg har ikkje oppdaga at det er avgjerande for mobiliseringa atdet er flest mogeleg uorganiserte med i gruppene, FØR EI VEKE FØR I. MAI!!!! (vi vart freista til å tru at her skortar det på viljen til å OPPDAGE) DØME: Har du spurt nokon i RU og uavhengige om kva dei tykkjer om I. maiarbeidet???? SVAR: Neiiiiiii, men eg har merka at det er noko gale'!! Det som er vert å merke seg er at under heile diskusjonen vrei partifolka seg unna prata mykje, og meinte vi var svært so usaklege og såg slett ikkje heil heita i ditt og datt!! Bla, bla på godt norsk!! VI SPØR: Bør og skal ikkje partiet gå i spissen for å få fram kritikkk, undersøke kvifor folk var so lite entusiastiske osv,... ikkje sitte på gjerdet å vente på at problema skal stikke forbi! Vi viser til partivedtektene, B.kap. §2I (slå opp) Vi meiner at vedtektene ikkje er i samsvar med partiet her på plassen sin praksis! SÅ STILLTE VI SPØRSMÅLET: KVA VIL SKJE???? Svar: De som er so forbanna og opptekne av dette kan jo skrive ein kritikkk og oppsummering! VI: OK, men skal ikkje partiet gjere noko? Kvifor er det VI som går i spissen???????? TYST SOM I GRAVEN!!!!!! Vi: I ein heller fleipete tome, kva med eit konfrontasjonsmøte RU/ AKP, eller eitt undersøkeskjema med spørsmål om I. maiarbeidet og partiet si rolle i det????? HM! Kanskje ikkje so dumt..... Dette ER IKKJE KOMEDIE, men fakta!!! Vi vil ikkje ha det slik, vi vil ha eit leiande parti her på plassen!! difor pressa vi fram denne diskusjonen, Vi har mange eksempel på at partiet framleis diltar etter RU i ideologikampanja, og at leiinga der ser ut til å ha forstått MINIMALT. DEI SIT FRAMLEIS PÅ GJERDET OG VENDTAR PÅ AT PROBLEMA SKAL GÅ FORBI!! Framleis, so lenge etter at kampanja starta ligg partiet etter, dette er eit hinder for RU i å gå frametter! Skal vi passivt vente på at dei tek seg saman???? Nei kvitt dokk med feila, - eller få ei sunnare leiing!!!! Vi har ikkje tid til å bruke år på å korrigere elementære feil, som til dømes at I. maigruppene



skal bestå av flest mogeleg uavhengige.. Osv....  
GJER EIT AV TO,- STYRK ELLER KAST LEIINGA I PARTIET NO, La RU e  
og henge etter, gje oss frie tøyler- VI VIL GÅ FRAMOVER!

Ein ting til, mens vi er i gong! Korleis vert sommarleiren til:  
Raud Front?? Vi stilte spørsmålet til dei same partifolka. SVAR: ++  
?????????? Kan vi komme med ynskjer, spørsmål o.l.??? Svar: Det vert  
vanskeleg, leirleinga er oppe i xxxxx ein plass-vanskeleg å nå fram!!!  
Vi tolka det slik at det ikkje er særleg planar om å undersøke korleis  
folk vil ha RF-leiren, og at leirlinga er vanskeleg å få kontakt med!!

= OBS! det kom og fram at partiet her på plassen må ta ansvaret for at  
vi i år IKKJE får leige skulen på Hjelle, i år,- rekninga frå ifjor er  
ikkje betalt!!!! RESULTAT: Forverra "helseforhold", mange med born,  
gravide kan ikkje reise på leiren!!!

DETTE ER DIREKTE JÆVLEG!

Ein etterpåsleng, som vi ikkje ~~xi~~ skal kommentere, til foregåande  
diskusjon er:

Uttalelse om oss sure RUarar av partifolka:

- 1) "Eg er so skuffa over xxxx! )
- 2) "Meiner du AKP er reaksjonart?" )

KAMERATSLEG HELSING SKUFFA RUarar, SOM KREV SKRIFTLEG SVAR SNARAST!!

o | M A I | o | M A I | o | M A I | o | M A I | o | M A I

NB NB

Redaksjonen gjer merksam på at  
denne kritikken er frå ca. juni  
månad, men meiner at det er vik-  
tig at alle får kjennskap til han.  
Svar frå "L" og "B" og svar  
frå partileiinga er frå same tid.  
desse er å finna på eigne ark.

Framsteget startar altså med dette  
diskusjonen om 1.mai i god tid.  
Men i og med at dette blir hovud-  
oppgåva vår i ein periode, er det  
viktig at vi får utkrystallisert  
linene i bra tid på førehand. My-  
kje kritikk ligg og ulmar og har  
være undertrykt - noko som kjem fr-  
am i stilen på fleire innlegg. Lat  
oss difor reinska lufta og styrkja  
einskaper framfor neste års 1.mai!

- Red.

1. MAI!

KVA SKAL VI GJERE 1.MAI -79?

Er det for tidleg å ta opp 1.  
mai 79 alt no? Nei!

Aldri før, og ikkje minst i  
år, har vi gjort den fielen at  
vi har starta for tidleg. Det er  
diskusjonen vi må starta med no.

I år sa partimedlemar at dei  
gjekk i toget av rein lojalitet  
til partiet. Dette meiner eg var  
ein tendens: Liten entusiasme for  
dagen og for arbeidet og for å mob-  
ilisere massane. Dette på tross  
av mykje breiare masseparolar og  
einskapstaktikk enn tidlegare år.

Årsaka ligg i at 1.mai-arbeidet  
vart tilgodesett som ei venstre-  
handsoppgåve; Inga partiavd. hand-  
sama 1.mai skikkeleg, få RU-lag  
handsama det i det heile tatt.

Nokre kameratar sleit etter diffuse,  
dels feilaktige liner. Andre sat på  
gjerdet og kasta sur dritt. Partiet  
makta ikkje å gå i spissen. I poli-  
tikken og taktikken gjorde vi fram-  
steg, i mobiliseringa kom vi ingen veg

Dei viktigaste lardomane vi kan  
trekke av årets 1.maier at vårt arbeid  
med FFF ikkje er ei "rutineoppgåve som  
vi kan." "Omorganisering av rørsle  
utan politisk mobilisering" held ikkje

Eg meiner 1.mai er ein gratissjansje  
for oss til å mobilisere ein brei mas-  
sefront nært knytta til klassekampen  
"heime og ute," ein front som bør vek-  
se i breidde og styrke frå år til år.  
Såleis ser eg på 1.mai-dagen som stra-  
tegisk viktig, ein sjansje vi skal nyt-  
te maksimalt, og ikkje ein dag vi skal  
krype.

-forts.





SEI ikkje at verda  
er god,  
for det er ho ikkje.  
GRÅT ikkje over at verda  
er vond,  
for det hjelp ikkje.  
MEN ver glad for at  
verda er til,  
for vi skal forandra ho! 7.8.

-forts.

Det viktigaste å starte opp med no er å gjere ei politisk analyse av situasjonen lokalt. Plukke ut viktige og sprekkeferdige område, sette av kameratar, mobilisere folk til å bli med FFF-gruppe.

Erfaringane frå "Solvangopprøret" viser oss at slikt arbeid krev god mogilisering og nøye planlegging, elles vert det ofte "opp som ein tiger og ned som ein skinnfell," og massane får negativ erfaring med oss og kampen.

Det er store motseiingar når det gjeld 1.mai i rørsla. Dette annlegget er meint som ei utfordring til debatt, og om det ikkje vert svart på, bryr de dokk ikkje om 1.mai og har planar om å krype 1.mai.

- Mons -

KRITIKK AV DS SI HANDSAMING AV

21. august:

Før 21.aug. vart det i "Framsteget" tatt inn ein kritikk av direktivet frå Sentralkomiteen om 21.august. Kritikken var skriven av ein kamerat i DS, og sidan det ikkje var kommentert på nokon måte, må ein gå ut frå at det sto for DS sitt syn. Det faktum at det ikkje vart danna 21.august-komite underbyggjer denne oppfatninga.

Vi vil skarpt kritisere DS si handsaming av førebuingane til 21.august. Vi meiner det var heil gale å ta inn ein slik kritikk av SK sitt direktiv i "Framsteget" før 21.august. Dette var i røynda å innby til sabotasje av arbeidet. DS gjekk sjølv inn for ein slik sabotasje.

Vi meiner at direktiv skal følgast, og at det er dei leiande organa si oppgave å sette dei ut i livet, m.a. ved å argumentere for dei overfor medlemmane. Dersom DS var ueinige i direktivet, skulle dei tatt kontakt med sentralkomiteen for å klare opp i motseiingane. Samstundes skulle dei ha sørga for å få arbeidet i gang. Kritikk av direktiv må takast etter at arbeidet er gjort.

Når SK har funne det riktig å gi eit direktiv, har vi ikkje anna å gjere enn å fylgje det. Kritikken må vi

vente med.

Men det er og vår rett å kritisere eit direktiv etterpå. DS si handsaming var ei undergraving av sentralismen i denne saka. Det er særst alvorleg at eit leiande organ ikkje har forstått ansvaret sitt og oppgåva si betre, særleg når det gjaldt ei så viktig sak som 21.august.

Vi krev difor at DS skriv ein sjølvkritikk som må takast inn i Framsteget saman med denne kritikken.

- Ei avdeling.

SVAR:

DS/AU har drøfta kritikken frå partiavdelinga og meiner fylgjande:

Det som skjedde med 21.aug.arbeidet var 1) Direktiv om 21.aug.diskusjon med frist for rapport 25.juni. Dette sto i "Halshenget" i slutten av mai månad.

2) Diskusjonsinnlegg av "Dsu gasjvili" i same nummeret.

3) Direktiv frå sentralt om 21.august og at parolane skulle nyttast "ord for ord," over heile landet.

4) Kritikk av direktivet til



SK signert "Karsk" - på oppdrag av DS. Denne st. i "Framsteget" nr. 3 som kom ut ca. midten av juni.

5) Frå det tidspunktet ble DS 21. august-arbeidet fullstendig, og det er rett som laget skrive ut frå då av gjekk DS "sjølv i spissen for (...) sabotasje."

6) Direktivet frå SK vart endra før 21. august, og "ord for ord"-formuleringa vart erstatta med fullt høve til lokal tillemping av parolane, ut frå den taktiske situasjonen på kvar plass.

Ut frå dette trekkjer vi desse slutningane:

A:  
Det var ikkje feil i seg sjølv at kritikken av SK sitt direktiv vart trykt i Framsteget. Vi meiner det er bra og viktig for å styrkja den demokratiske sentralismen at direktiv blir kritisk vurderte, og om det trengst, så få dei endra. Om nett dette skriv Mab i "Bekjemp bokdyrkelsen" (s. 31 i Skrifter i utv.):

"Det er helt feilaktig å innta en formalistisk holdning og blindt gjennomføre direktiver uten å diskutere og undersøke dem i lys av de faktiske forholdene, bare fordi de kommer fra et høyere organ. Den skaden denne formalismen gjør, er årsaken til at partiets linje og taktikk ikke slår dypere rot blant massene. Å sette et direktiv fra et høyere organ blindt ut i livet, tilsynelatende uten noen

tenighet, er faktisk ikke å sette det ut i livet, men den listigste måten å motsette seg eller sabotere det på."

Vi meiner difor de tek feil når de skriv at "Når SK har funne det riktig å gi eit direktiv, har ikkje vi anna å gjere enn å fylgje det." Dersom de nne lina hadde vorte fylgt, hadde kor kje opplegget for 1.mai eller det for 21.aug. vorte endra til det betre. for det var nettopp kritikk for gjennomføringa som tvinga fram endringane her.

Ein annan ting er dersom dei ytre forholda gjer kritikk og innvendingar umogeleg, t.d. stort tidspress eller skjerpa situasjonar. Då er det rett å køyra "stright on." Vi kan ikkje sjå at dette var nødvendig i dette høvet.

B:  
De skriv at "Dersom DS var ueinige i direktivet, skulle dei tatt kontakt med SK for å klare opp i møtseingane Samstundes skulle dei ha sørga for å få arbeidet i gang." Dette er vi samde i. DS sende rett nok kritikken til SK, men INGEN TING VART GJORT ETTERPÅ Dette er og ein måte å sabotera eit direktiv på, og pådette området støttar vi dykk i kritikken.

Før ein ting er at det i SK sitt direktiv vart gjeve partiavdelingane for tronge sko å gå i. Men ein heilt ting vert det når DS kastar vekk sko og "av behagelighets hensyn" helder gar berrføtt.

Er det riktig av norske kommunister å arbeide for enhetsfront mot fascismen i Chile? (o.a. Latin-Amerikanske land)

Paroler og retningslinjer for markering av 11.sept. fra SK la opp til enhetsfrontpolitikk. Opplegget var så og si likt opplegget for 21.aug. Jeg mener opplegget for 11.9. var feil, at det var høyrelinje.

Det er revolusjonære i Chile som må arbeide for enhetsfront mot fascist-juntaen, ikke norske revolusjonære.

Vi må for det første støtte de revolusjonære motstandskreftene i Chile og for det andre bruke erfaringene fra kuppet til å propagandere nødvendigheten av væpna revolusjon i Norge. Parolene fra SK ga støtte til all motstand, hvilket betyr støtte også til borgerlig motstand. Til tross for at det i retningslinjene for marker-




inga ble pekt på at Chile er viktig fordi det viser at den fredelige overgangen er umulig, kom dette ikke fram i parolene, og det ble ikke nevnt med et eneste ord i Klassekampens leder 19. september.

Det opplegget jeg skisserer strider naturligvis mot enhetspolitikken i denne saka. Men jeg mener fortsatt at det ville være riktig. For det første kan det ikke være noe prinsipp at vi skal drive enhetsfront (med SV) i alle saker. Vi må vurdere hva som er riktig fra sak til sak, ut fra den politiske situasjonen og ut fra hva vi ønsker å oppnå.

Jeg mener det er viktig å samle en bred opinion bak kravet Sovjet ut av Tsjekkoslovakia. Dette er riktig ut fra det faktum at Tsjekkoslovakia er et okkupert land, og det er viktig med tanke på sovjetisk okkupasjon av Norge. Men jeg mener det er galt når det gjelder Chile. For det første er det all grunn til å tru at juntaen må gå for eller siden, jfr. Hellas og Portugal. Det viktige for oss må derfor bli å støtte de revolusjonerende landene, sånn at de kan stå stendest mulig i enhetsfronten.

For det andre er det ikke noe behov for oss i Norge å skape noen enhetsfront mot Chile-juntaen. Den er ingen trussel mot oss. Derimot er det viktig for oss å arbeide for enhetsfront mot den nynazistiske offensiven og fascistiske tendenser i Norge. For øyeblikket ser det ut til at partiledelsen er mer opptatt av å skape enhetsfront mot fascisme og imperialismen i andre land enn i Norge. Dette er alvorlig og må rettes opp.

Vi må slutte å drive en politikk som går ut på at vi skal redde hele verden. Vi må skille klarere mellom våre oppgaver i solidaritetsarbeid og våre oppgaver i Norge. Vi må ikke bare tenke på hva folk i andre land trenger i sin kamp, men også hvordan vi kan bruke andres kamp som eksempel i vår propaganda for revolusjon og sosialisme. Og sist, men ikke minst dette betyr å benytte forskjellige politiske opplegg i forskjellige saker, det betyr både å drive enhetsfrontpolitikk, der vi gir avkall på mye av vår politikk. Og det betyr å legge vekt på å markere vår politikk i andre sammenhenger. Vi skal ikke ta det tungt om SV-folk kommer til å skjelle oss for å drive splittelsespolitikk i enkelte saker. Hovedsida vil allikevel være enhetspolitikk. Men det betyr vi ikke bør kritisere dem for ikke å drive enhetspolitikk på alle områder.




-Truls.



Et partiavdeling har vedteke å gi kr. 55,- pr. medlem i gjennomsnitt for å støtte streiken til Vinmonopolarbeidene held fram. Andre er hermed utfordret til å gjøre det samme.

Tramteateret kjem til Førde med "HVA ER REDD FOR FRØKEN LUNDE" mandag 13. nov., kinosalen i Førdehuset. Nytt høvet til å sjå teater av högkvalitet - i dette høvet om teaterforbud. Usekterisk, garantert! Utenkjent og trekk med vener og kjente! Bruk Ny Tid si anmelding: "Man får ikke bare anerkjennende på hodet, men kaster seg ut i de store latterbrøl!"



Ein som har sett det.



# MELDING FRÅ PARTILEIINGA TIL ALLE MEDLEMMAR AV FØRDE RAUD UNGDOM.

AKP(m-1) i Førde har gjennomført årsmøtet for 1978. Årsmøtet diskuterte og vedtok årsmelding for 1977-78 og valde ny leiing.

Forholdet mellom Raud Ungdom og partiet vart ikkje avklara på årsmøtet, men det vart slege fast fylgjande om arbeidet med ungdomskampanja - sitert etter årsmeldinga: "Denne (ungdomskampanja) må oppsummerast som i hovudsak dårleg ut frå målsetjingane: 1) Utvikla ein revolusjonar ungdomspolitikk, 2) Reisa ungdommen til kamp, 3) utvikla Raud Ungdom.

Positivt: Dei fleste kameratane har oppdaga og rydda vekk ei dårleg og nedlatande haldning til ungdommen. Vi var begynt å bli påverka av borgarskapet sitt syn på ungdommen: sløy, fyllete og motegalne. Det verst av dette synet er nok vekke.(.....) Det finst og andre bra ting i kampanja, og vi skal ikkje sjå bort frå at endra syn på ungdommen kan få ungdomsarbeidet til å snu.

Spesielt alvorleg: Partiet har hatt ansvaret for to RU-lag på plassen, partiet har gjort eit dårleg arbeid med desse to laga. Partiet undersøkte, diskuterte og slo fast ein del særdrag ved ungdommen på plassen for det eine laget. Dette kunne ha vore starten på utviklinga av ein revolusjonar ungdomspolitikk, men blei ikkje fylgt opp. At partiet starta å arbeida med dette laget fleire gonger - for å sleppa det att, skapte illusjonar om partiet og hemma på den måten laget.

Trass i at ungdomskampanja har vore hovudoppgåva i perioden, har partiet arbeidd lite med å studera og auka forståinga for særterkka hos ungdommen. Dette er ei forutsetning for at partiet skal få liner på korleis ungdomsforbundet skalarbeida og korleis partiet skal kunna greia å ta leiinga over RU.

For å få framgang i ungdomsarbeidet, må partiet og leggja stor vekt på å læra av RU og studera deira røymsler. Spesielt viktig er røymslene frå gymnasarbeidet til RU. Eit avresultata derifrår er at G.U. i Sogn og Fj. no har ei progressiv leiing."

Partiet er fast bestemd på å løysa vanskane i forholdet mellom RU og <sup>ivareta</sup> AKP, men det vil utan tvil ta ein del tid før partiet blir i stand til å oppgåvene sine overfor RU på ein i hovudsak tilfredsstillande måte. Kameratar i RU! I tida framover må de difor i tråd med røyndomen - ikkje ha illusjonar om snarleg og avgjerande hjelp frå partiet. De vert nøydde til å i finna dykk med at partiet endå på ei stund ikkje vil kunna gje dykk den hjelpa de treng og har krav på - de må stola på eigne krefter. Hald fram med å utvikla ungdomsstilen i RU, men hald og fram med kritikken av partiet og kom med råd og idear.

Partiet vil leggja vekt på å få fram synspunkt i ungdomsforbundet på korleis vi i fellesskap skal kunna styrkja partiet på ungdomspolitikken og og korleis partiet på ikkje altfor lang sikt skal kunna leia RU. Partiet er klar over at tilliten til partiet i RU er svekka. Dette er naturleg, men likevel beklageleg. Partiet vil håpa at de kameratar i RU også vil gjera dykker til at tilliten kan opprettast på nytt og bli endå sterkare. Utan gjensidig tillit vert arbeidet hindra.

I første omgang vil partiet overfor RU offentleggjera ein del interne parti skriv om forholdet RU/partiet. I neste omgang vil leiinga i partiet ta initiativ til møte med leiinga i RU for å drøfta den vidare løysinga av problema.

Med kameratslege helsingar  
partileiinga i Førde AKP(m-1)



MEDLEMMER AV FOLKETS RÅD I NORDEN  
MEDLEMMER AV FOLKETS RÅD I NORDEN

Tom side i vårt eksemplar

Medlemskap i Arbeidspartiet  
Arbeidspartiet i Norge



Er vi egentlig for at motsetninger innafor  
partiet skal fram?

Mao har skrevet at "Motsetningenes enhet" er grunnbegrepet i dialektikken. Dette er i samsvar med Lenin, som har skrevet: "Kort sagt kan dialektikken defineres som læra om motsetningenes enhet", og at "motsetningenes enhet (sammenfall, identitet, kik handling) er betinga, midlertidig, forbigående, relativ. Kampen mellom motsetninger som gjesidig utelukker hverandre er, er absolutt".

I en tale til ssekretterer i partikomiteene (Jan 1957) forteller Mao at dette for Lenin betød at han både studerte og førte kamp mot forskjellige borgerlige retninger i vitenskapen og politikken. Det samme gjaldt for Marx. Mao sier: "Marxismens tre bestandeler ble til mens de (Marx, Engels, Lenin) studerte, såvel som førte kamp mot, slike borgerlige saker som tysk klassisk filosofi, engelsk klassisk økonomi og fransk utopisk sosialisme".

Samtidig påpeker Mao at Stalin ikke så dette. Han så bare kampen mellom motsetningene og ikke enheten mellom dem. Dette betyr bl.a. at Stalin ikke kunne innså at det innafor et kommunistisk parti vil pågå en kamp mellom en borgerlig og en revolusjonær politikk. Det at Stalin ikke innså dette, førte til at det ble gjort alvorlige politiske feil i Sovjetunionen på den tid han styrte landet.

KKP med Mao i spissen har ført anerkjennelsen av motsetningenes enhet et skritt videre. KKP har på flere måter aktivt surget for å få fram motsetningene. Politikken med å la hundre blomster blomstre er et eksempel. Mao nevner et annet i talen til partisekretærene. Han sier at partiet hadde bestemt å øke opplaget på avisa "Nyheter til etterretning" fra 2000 til 400 000. De mente det ville virke som ei vak sine og øke motstandsviljen til kadrene og hele folket at denne imperialistavisa blei spredd åpent. Mao begrunner tiltaket slik: "Hensikten er å legge fram giftig ugras og det som er umarxistisk og det som er anti-marxistisk for kamerater

for massene og de kjente demokratiske personene, sånn kan de bli herda. Ikke lås ned disse tingene for da vil de bli farlige. På den måten er framgangs måten vår forskjellig fra Sovjetunionens".

Hva betyr så dette for oss? Jo det betyr at vi aktivt må sørge for at motsetninger kommer fram innafor partiet, på alle plan i alle organer. Ikke for at de straks skal bli nedkjempa som uttrykk for "gjerne linjer" o.l. men for at de skal tas hensyn til. Hvordan skal jeg komme tilbake til. Jeg mener at vi i realiteten ikke gjør dette idag. Vi tenker at det er best med bare enhet og ser på motsetninger som noe plag-somt, noe som må bekjempes. Vi er altfor raske til å slå ned på folk som kommer med innvendinger, og fører kamp mot synspunktene deres. Resultatet er at bare de færreste klarer å stå på. Mange gir etter for "den rette linja" uten å være overbevist. Jeg tror også at mange tar sjølkritikk for å få fred, ikke fordi de er enige i kritikken.

Å skjønne begrepet om motsetningenes enhet betyr altså for det første aktivt å sørge for at motsetningene kommer fram, og å rode folk som kommer med motforestillinger, og høre på dem istedenfor straks å begynne å føre kamp mot dem.

Men det betyr også noe mer. Det betyr på ethvert tidspunkt aktivt å sørge for at enheten bevares. Dette betyr ikke kamp menimøtekommenhet, smidighet, kompromissvilje. Mao tar opp dette spørsmålet i artikkelen om ei dialektisk holdning til indre enhet i partiet. Mao sier at vi på ethvert tidspunkt taktisk stadium må være flinke til å pågå inngå kompromisser og å føre kamp. Han mener at kommunister som er uenige bør føre samtaler utfra ønsket om enhet og i en hjelpsom ånd. Videre skriver han at vi må forene prinsippfasthet med smidighet: "Målet med kampen er å holde fast på prinsippene i marxismen. Det betyr å være prinsippfast... Målet med enheten er å skaffe han (kameraten som har gjort feil) en utveg, å inngå kompromiss med han, det betyr å være smidig.



Samordninga av smidighet og prinsippfasthet er et marxist-leninistisk prinsipp og det er en enhet mellom motsetninger".

I hvilken grad følger vi dette marxistiske prinsippet? Jeg mener vi etterhvert er blitt flinkere til å ta hensyn til enheten gjennom taktiske kompromiss i forhold til folk utafor partiet, sjøl om det gjøres endel feil i retning av å gi avkall på viktige prinsipper uten kamp, og stå fast på mindre viktige standpunkter.

MEN, innafor partiet mener jeg at vi i hovedsak ikke har forstått motsetningenes enhet, at vi derfor ifor stor grad driver kamp, og ikke tar hensyn til enheten ved å inngå kompromisser, ved å være smidige og imøtekommende. Dette fører i verste fall til utmeldinger, men også til at folk mister entusiasmen, at de utvikler seg lite, og det fører til byråkrati. Jeg mener vi er for lite smidige når vi løser motsetninger innafor partiet.

En grunn til at det føres for mye kamp, er at vi ikke skiller klart mellom forenlige og uforenlige motsetninger. Svært ofte er det slik at de to synspunktene som hevdes påhvordan vi skal drive frontarbeid, kan forenes, de utelukker ikke hverandre. Dette blir ikke alltid forstått. Istedenfor forsøker vi å finne ut hva som er "riktig" og hva som er "feilaktig" linje. I virkeligheten er det som regel slik at de forskjellige standpunkter har sterke og svake sider, og at en vil få det beste resultat ved å ta de sterke sidene ved begge (eller alle) synspunktene.

Men hva hvis det dreier seg om borgerlige og revolusjonære standpunkter? Kan en da inngå kompromisser? Jeg mener "ja". Å svare "nei" på dette spørsmålet vil bety at de som hevda borgerlige standpunkt måtte melde seg ut straks, hvis partiet ikke skulle bli handlingslammet. Et slikt standpunkt ville være å gå mot motsetningenes enhet, og det ville være å ikke innse at det er kamp mellom ei borgerlig og ei revolusjonær linje som bringer partiet framover.

Likevel er det klart at vi på et hvert tidspunkt må bli enige om hva vi skal gjøre. Vi må inngå kompromisser. Det betyr at vi alltid må være villig til å fire noe, men det betyr også at vi noen ganger må gi avkall på standpunkter vi mener er riktige. Men det vil også være mulig å finne fram til praktiske løsninger uten at en gir avkall på sine prinsipielle standpunkter. Forutsetningen er igjen begrepet motsetningenes enhet. Det betyr nemlig at det ikke er noe standpunkt som er helt riktig og at et annet er helt galt. Det betyr også at vi akan lære av feil og gjøre en dårlig ting til en god ting. Hvis vi skjønner dette, trenger vi ikke føre innbitt kamp mot "gjerne" linjer til alle er dødstrøtte og gjør lei alt som heter politikk. Da kan vi raskere ta en avgjørelse, og raskere komme igang med praktisk arbeid, i trygg forviissning om at framtida er på vår side og at Norge engang skal bli sosialistisk.

Men det er også en annen feil vi må kvitte oss med, nemlig tendensen til å oppfatte sybspunkter som uttrykk for "linje". Hvis vi ikke skiller her, blir det umulig å sille mellom strategi og taktikk. Taktikk betyr nemlig at det kan være riktig å hevde standpunkter som står i strid med prinsippene, med strategien. F.eks. kan det verer riktig å be en kamerat ~~å~~ fri fra politisk arbeid ei tid for å ordne opp i personlige saker, eller fordi han har gått lei. Hvis hele partiet på en plass har kommet inn i ei bakevje, mista gløden og blitt passivisert, vil det være riktig å oppfordre medlemene å gjøre ting de har lyst til, både av politisk ting og andre ting, og å innskrenke sentralismen til et minimum i en periode. Som "linje" er dette sjølsagt liberalisme, men som taktikk blir det et riktig tiltak for å sikre sentralismen og hindre liberalistisk oppløsning på lenger sikt.

Forutsetningen for å skille mellom taktikk og strategi og å inngå viktige taktiske kompromisser som bevarer enheten, er at en kjenner den helhetlige situasjonen i partiet, og ikke analyserer ensidig utfra enkelt tilfeller. Jeg mener tendensen til å analysere ensidig, særlig overfor enkeltkamerater, er utbredt.



Hvis en kamerat en eller noen få ganger har latt personlige hensyn å gå foran partihensyn, blir han fort rekna som "individualist". Ei analyse av hele kameraten sin praksis, vil som regel gi et annet resultat.

For å oppsumere: Vi må bli flinkere til aktivt å sørge for at motsetningene kommer fram og vi må bli mye flinkere til å løse dem, ikke ved å føre kamp i det uendelige, men gjennom å vere smidige og imøtekommende, gjennom å inngå kompromisser. I dag ser vi egentlig på motsetninger som et onde, ikke som en drivkraft. Vi fører kamp mot de som våger å komme med motsigelser, istedenfor å ta hensyn til motsigelsen ved å inngå kompromisser. Vi undertrykker derfor i realiteten motsigelser innafor partiet. Det er vel overflødig å påpeke at dette er borg-erlige feil.....?

ERASMUS

NO TEK DU FEIL

ERASMUS !!

Det er bra at vi prøver å utvikle teoriene våre sjølve, vi treng skjerpe oss på slikt. DIFOR LES ARTIKKELEN TIL ERASMUS NØYE EIN GONG TIL. Han skriv mykje bra om å få fram motseiingar i partiet, osv. som eg er heilt samd i. Eg meiner det muste i artikkelen hans er rett, men i KONKLUSJONANE gjer han ein del alvorlege teoretiske feil som eg skal ta føre meg.

Først litt til ordbruken: Det verkar forvirrende på meg slik motsetningar og motsigelser vert brukt. Det verkar ei stund som om ordet motsetning kunne vore bytta ut med "uoverensstemmelse". Eg oppfattar ein motsigelse (på nynorsk: motseiing) som ein ting, prosessa, l, der dei to motsette sidene er motsetningar. Altså motsetningane er dei to sidene i ei motseiing.

Det serkar på meg som Erasmus meiner at ei motseiing kan løysast gjennom kompromiss. Eg er usamd i dette. Dersom det t.d. gjeld to stk. som står på kvar si motsatte meining, kan ikkje motseiinga (mellom dei to meiningane) bli løyst ved kompromiss (dvs, at dei seier: "javel eg er enig med

deg" og jenkar seg) Dersom uenigheta gjeld kva veg som er riktig å gå, kan dei nok bli enige (og det lyt vi nok ofte i partiet og), men dette tyder ikkje at motseiinga treng å vere løyst, dvs, at dei verkeleg er enig. Den eine kan nok framleis meine at dei gjekk feil veg og usemja dukkar opp att ved neste vegskil.

Erasmus seier at metoden for å løyse motseiingar er: Kompromiss, smidighet og imøtekommenhet. Han seier i oppsummeringa si: "Vi fører kamp mot de som våger å komme med motsigelser, istedenfor å ta hensyn til motsigelsen ved å inngå kompromisser (f. i uth.) Eg er usamd. Vi skal sjølvsagt rose folk som legg fram motseiingar, vi skal sjølvsagt ta hensyn til, og hjelpe folk som kan ha ulike vanskar med å gjere dette (t.d. redde for å dumme seg ut, ikkje vane med å snakke o.s.v.) MEN, vi løyser nettopp ikkje, vi tar nettopp ikkjehensyn til motseiingar om vi møter dei med kompromiss osv.

Det første vi må møte ei motseiing med er: "Her er ei motseiing, kva er rett, kva er gale".

Når to diskuterer ei motseiing er det vanlegvis slik at begge har ein del rett og ein del gale; MEN SUMMEN AV DEI BRA TINGA FINN EIN IKKJE VED KOMPROMISS; SMIDIGHET osv: SUMMEN FINN EIN NETTOPP VED "KAMP MELLOM MOTSEIINGANE". Sjølvsagt i ei kameratsleg ånd, sjølvsagt med det i hovudet at begge kan ha ein del rett og feil, men først og fremst med det føre seg at verkeleg-heta (sanninga) er på ein måte (og korleis ho er går an å finne ut - dvs bli samd om).

Dersom nokon kjem med ei motseiing og vi gjer kompromiss og seier: "Ja, du har nok rett du og" og ikkje drøftar linja (synspunktet) så er dette å leggje lok på motseiingar og hindre dei å komme fram. Ei motseiing blir vel nettopp lagt fram for å få kritikk, ikkje for at nokon skal klappe ein på skuldra og seie at: "Du har heilt sikkert mykje rett i det du seier". Vi har for lite linjekamp idag.

Til slutt vil eg igjen understreke at eg er enig i dei hensiktene Erasmus har, og mykje av det konkrete han skriv. ANDRE BOR FYLGJE OPP DISKUSJONEN!

Si



## KVA ER EI RETT LINJE I FRAMANDARBEIDARSPØRSMÅLET?

Problema med framandarbeidarar er vorte lite diskutert innafør partiet i distriktet. Årsaken til dette må vel vera at dette er eit problem som har hatt lite å bety for arbeidet vores, fordi det har vore få eller ingen framandarbeidarar her i distriktet.

For det andre har det stått eit avvik i partiet som kan konkretiserast slik: "Vi stør framandarbeidarane sin kamp, men dei må sjøl gå i spissen og utkjempe denne kampen. Vi kan ikkje kjempa for dei."

No er stoda vorte ei anna: Ankerlækken Verft har satt igang ein omfattande import av finske arbeidarar, og det er her dette spørsmålet kjem inn. Skal vi gå i spissen og lede den kampen som dei må føre mot den særegne undertrykkinga av dei, eller skal vi overlata dei til seg sjøl?

Ei anna viktig motseiing som må løysast raskt er: "Vi kan ikkje ta imot fleire utanlandske arbeidarar, når vi sjøl har stor arbeidsløysa i Noreg. Vi må først skaffe arbeid til dei norske arbeidarane før vi kan tilsette utlendingar." Opp imot denne linja står linja om at alle arbeidarar uansett nasjonalitet, har rett til å søke arbeid i Noreg.

Eit tredje spørsmål er korleis partiet skal stille seg til at klubbformannen på A.V.Fø. reiser saman med personalsjefen til Finland, for å tilsette finnane.

Han reisar her som tolk.

Ein fjerde ting er at vi må få ein korrekt analyse av kvifor bedifta har fått så stor interesse for finske arbeidarar. Er det avdi dei ikkje får nok norske arbeidarar, eller freistar dei å splitte dei tilsette, med å spele på rasistiske tendensar og dette med arbeidsplassane? Som kunne ha gått til nordmenn? Dett må sjåast på som av stor betydning for å kunne trekke opp ei rett linje.

Slik stoda er for dei finske arbeidarane kan ho ikkje karakteriserast som anna enn uholdbar for dei fleste av dei. Dei bur fleire saman i ein liten leilighet, og fleire av dei ligg på golvet i soveposar. Dei som har familien med seg og born i skulepliktig alder, får ikkje tak i tilfredsstillande lærarar, slik at borna kan få undervisning i sitt eige språk og eiga historie. Dei blir difor kulturelt undertrykt på alle vis, også ved at dei ikkje får lære seg norsk på ein god nok vis. I og med at dei er isolerte frå sin eigen nasjon og isolert frå vores på grunn av språkvanskane, må ein stille spørsmålet om det ikkje er rett å gå inn for å stoppe all invandring til vi har lagt forholda til rette. Men korleis skal vi stille oss til dei som alt er komne?

Det er heilt sjkkert mange andre momentingar ute å gå. Det er heilt naudsynt å få den frem og løyst dei straks. Eg vil ikkje prøve å trekke opp nokre linjer her, berre



få igang en diskusjon om dette. Eg vil difor oppmode alle parti-medlemar og DS til å kaste seg over inn i diskusjonen. Det studiemateriale eg kjerner til er heftet av Sigurd Allern: "Kommentarer 3" og boka åt Stalin "Om det nasjonale og det koloniale spørsmålet".

**ÆINSKAP NORSKE**  
**ARBEIDARAR -**  
**FRAMANDARBEIDARAR!**  
**LEVE DEN PROLETARISKE**  
**INTERNASJONALISMEN!**

Kr [REDACTED]



Hvordan prakt serar vi  
MASSELINJA???

Jeg synes det nå er på tide å se litt på hvordan vi praktiserer masselinja. Jeg mener at endel kamerater har tildels grove feil i synet på massene. Hvordan omgås vi uorganiserte? Diskuterer vi bare politikk med dem, og klubber vi dem ned med våre "gode" argumenter?

Jeg mener at man først må bli godt kjent med folk og høre på dem, finne ut hva de er opptatt av hvilke problemer de har osv. Hvis vi skal få oppslutning om vår politikk f.eks. i de forskjellige

frontene, må folk ha tillit til oss de må kjenne oss, ikke bare som "politikere". En helt feilaktig måte, men som dessverre så altfor ofte blir brukt, er å "gå på" folk direkte med spørsmål om å bli med i den eller den organisasjonen, uten at man kjenner folka noe særlig på forhånd. Jeg synes at det ikke er så lett å bare spørre folk om de er interesserte i å være med; for det første vet jeg ikke hvordan de folka jeg nyss er blitt kjent med reagerer hvis jeg liksom bare går rett på og spør og helst prøver å få dem til å mene det samme som meg, for det er vel helst slik flestparten av våre kamerater går fram. Jeg tror ærlig talt ikke det er så veldig mange vi får med oss på den måten! Jeg har veldig gode erfaringer med nettopp dette å bli godt kjent med folk - lære dem å kjenne-føle at de har tillit til meg. Vi må lære oss å leve det livet masseene lever, bruke mye tid sammen med dem, og høre på deres synspunkter. Vi må ikke glemme at massene er de virkelige heltene - vi har enormt mye å lære av deres erfaringer. Vi må også praktisere prinsippet fra massene til massene, og lære oss hva det innebærer.

Hvordan bruker vi fritida vår? Går den med til å omgås m-l'ere? Eller brukes den aktivt blant massene? Har vi fritid? Slik jeg ser det nå har altfor mange kamerater et for stort møtepress, vi har rett og slett ikke tid til å ta oss av nye venner. Hva er viktigst - å gå på et møte som man kanskje har lite igjen for - eller å utvide bekjentskapskretsen?

La oss få fram gode og dårlige sider ved masselinja vår - skriv inn til "Framsteget"! Tenk over praksisen din - hvordan står den i forhold til teorien?

Vel...ballen er kasta.....!

AR [REDACTED]



SVAR PÅ "KRITIKK OG OPPSUMMERING AV I: MAI-DISKUSJON MED L [REDACTED] OG B [REDACTED]"

Vi vil berre svare på kritikken som er retta mot oss som kommunistar, vi skal oppmode partiet om å svare på kritikken som er retta mot det.

Vi har litt varierende syn på diskusjonen som de viser til. T.d. tok ikkje vi stilling mot eit "spesielt oppsummeringsmøte". Men vi hadde heller ikkje teke stilling til korleis arbeidet burde oppsummerast. Det var semje om at det måtte skikkeleg oppsummerast for å unngå dei same feila til neste år. Vi stod heller ikkje på at "partiet hadde spela ein leiande og viktig rolle", og det vart heller ikkje sagt at "no må de slutte å vere so usakeleg og sure". Ein av oss sa noko slikt som at usakelege innlegg ikkje utviklar diskusjonen og motseiingane. Andre ting i referatet er vi ogso usamde i. Men, likevel, ka som vart sagt i diskusjonen er underordna fordi det lett kan bli påstand mot påstand og soleis bli ei avsporing av diskusjonen.

Vi er samde i utgangspunktet, nemleg at "toget var ikkje stort nok, breidt nok, entusiasme på null osv." Spørsmålet vår og er kvifor. Sjøl ser vi klårare fleire viktige feil no enn mens vi sleit med arbeidet. I 7. mai vart nedprioritert, dvs ein kom igong seint og med liten styrke. II Å dra uavhengige med i leiinga heilt frå starten av og på same måten i gruppene vart ikkje sett på som ein avgjerande faktor. III Dermed vart FFF aldri noko anna enn ei omorganisering av deler av m-1 - rørsle og resultatet vart deretter. (Men vi kan og sjå framgangar frå ifjor, særleg i utviklinga av plattformen, (dei lokale parolane), i FFF sin propaganda og i einskapstaktikken overfor revisjonistane og sosialdemokratiet.)

Kva er ein front? Ein front er ein organisasjon organisert utifrå ei konkret kampfoppgåve, ein front som skal organisere store massar til kamp på eit område. Ein front er ein organisasjon som skal gjere kommunistane si leing over massane mulig/lettare, og som skal gjere massane sin harme og entusiasme om til sverdslag. Javel, ka so? Jau, då er det "hol i haue" at fronten skal bestå berre av kommunistar, då er det ingen front. Det er av avgjerande betydning for fronten si slagkraft at massane er i fleirtal og har makta i fronten og at kommunistane merre har makt i form av politiske linjer og argument. Massane kjenner motseiingane og kan dermed stille dei riktige parolane for arbeidet og mobiliseringa. Massane er entusiastiske og drivande og i prinsippet ein uuttømmeleg reseurs. Kort sagt; argumenta for å dra uavhengige med finst i hopetal mens det ikkje finst argument for å stenge dei ute.

Om etterpåslengen i kritikken vil vi seie at sitata er heilt ukjende for oss, og vi meiner at det er ingen grunn til å vere skuffa over xxx. Vi oppfattar heller ikkje kritikken av AKP(m-l) sitt I. mai-arbeid som eit forsøk på å vise at AKP(m-l) er reaksjonært, sjølsagt.

Tilslutt vil vi beklage at svaret kom noko seint og oppfordre til å stå på i kritikken.

Kameratsleg helsing L [REDACTED] og B [REDACTED].



## SVAR PÅ "Kritikk og oppsummering av I. mai-diskusjon med "leiande" partifolk".

Det er til skade for partiet og RU sin tryggingspolitikk å antyde kven som er medlem av AKP(m-l) eller leiande partifolk som det heiter. Korkje partimedlemmer, RU-medlemmer eller andre skal vite kven som er medlem av partiet eller RU. Men sikkerheita skal ikkje hindre kritikken! Det er viktig at kritikken av personar som kommunistar og av partiet vert reist. At dette vert gjort skriftleg er ypparleg og syner at dei som set fram kritikken ynskjer einskap og framgang.

Partiet stør dei kameratane de kritiserer når dei ikkje tok seg iferd med å svare på spørsmålet "Kva har so partiet gjort?" Dette spørsmålet, og kritikk utanom, må sjølsagt rettast til partiet. Partiet tykkjer det er synd at "spørsmål og kritikk" om I. mai som RU-medlemmar har sendt til partiet lenge før I. mai faktisk ikkje har kome fram. Addressaten visste faktisk ikkje om at kritikk og spørsmål var sendt før over I. mai. Dette må "den sviktande lekken" ta ansvaret for.

Partiet er i hovudsak samd i kritikken de set fram. I mangel av noko betre vart I. mai-arbeidet eller "fronten" ogso i år ei "omorganisering av m-l - bevegelsen" og resultatet deretter.

Når de spør om kva partiet gjorde er det berre å slå fast at partiet tok for lett på oppgåva. Partiet hadde inga line for å bygge fronten som kunne erstatte omorganiseringslina. Partiet såg at det nærmast var krise i arbeidet og at entusiasmen var laber. Partiet tok då initiativ til å opprette ein fraksjon av kommunistar som skulle hjelpe komiteen. Fraksjonen var effektiv, men åleine var ikkje dette tiltaket nok. Difor er det rett av dokke å stille spørsmålet: "Bør og skal ikkje partiet gå i spissen for å få fram kritikk, undersøke kvifor folk var so lite entusiastiske osv....." Partiet er samd i at partiet på mange områder ikkje er leiande, dvs. tilbakeliggande i høve til resten av rørsla. Dette er ein ydderst skadeleg situasjon. Kampen for å styrke partiet, for å gjere partiet istand til å ivareta si leiande rolle, er starta i partiet. I denne kampanja vil partiet kjempe for einskap i den revolusjonære rørsla her på staden.

### Til slutt ei oppklaring:

Partiet her på plassen kan ikkje på nokon måte lastast for at det på den stasjonære sommarleiren i år vil bli "forverra "helseforhold", mange med born, gravide kan ikkje reise på leiren" slik de påstår. Ein del av rekningane frå sommarleiren ifjor gjekk via adresse i Førde. Alle som er komt er blitt ekspedert vidare omgåande, og betalt. Rekninga for leige av skulen er anten ikkje sendt eller ikkje komt fram, sjøl om skulesjefen i Stryn har adressa. Påstanden dykkar er difor temmeleg dryg og grunnlaus.

Når det gjeld den stasjonære sommarleiren i år har partiet her dei to siste mnd fleire gonger prøvd å få kontakt med leirleiinga skriftleg, direkte, via Oslo, gjennom beskjedar etc utan å ha fått svar. Det er nærmast katastrofe at vi enno ikkje veit heilt sikkert kortid leiren skal vere, kor og korleis. Dette bør leirleiinga skarpt kritisera før.

Kameratsleg helsing.  
Partileiinga

(På oppdrag Si [redacted] d)



# INNHALD:

★ LIEVAR

★ 1. MAI = kritikk, svar, start for -79

★ 21. AUGUST: kritikk til DS:

komentar frå DS/AU.

★ Er det riktig av norske kommunister å arbeide for enhetsfront mot fascismen i Chile?

★ SMÅPLUKK

★ Er vi egentlig for at motsigelser innafør partiet skal fram?

★ No tek du feil Erasmus !!

★ OM FRAMMANDARBE. SPØRSMÅLET.

★ PRAKTISÉR MASSELTNA!

★ ÅRSMELDINGA, siste kapittel.

~~★ PROTOKOLL frå møte mellom R.U. og partiet lokalt og sentralt.~~

★ MELDING til alle medl. av R.U.